



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Eyvin Søltnæs
Telefon: 57643135
E-post: fmsfes@fylkesmannen.no

Vår dato
19.06.2015
Dykkar dato

Vår referanse
2014/3171 - 561
Dykkar referanse

Noregs vassdrags- og energidirektorat

nve@nve.no

Tilleggsfråsegn til to av 12 søknader om småkraftverk i Askvoll, Førde og Naustdal kommunar

Vi viser til høyringsfråsegna vår av 6.3.2015 og til sluttsynfaringane i veke 22 og 23 i år. Vi vil kort kommentere nokre nye moment som kom fram på synfaringane av Bakkeelva kraftverk og Øvre Redal kraftverk.

Bakkeelva kraftverk

I fråsegna har vi lagt til grunn at avlaupet frå kraftstasjonen skulle leggjast rett nedstraums hinderet, sidan det sto omtalt i søknaden at kraftstasjonen skulle etablerast «... *like attmed oppgangshindrande foss*». På sluttsynfaringa vart vi klar over at kraftstasjon på kote 31,5 betyr at avlaupet kjem om lag 100 m nedanfor hinderet, og vi ser i ettertid at dette også er omtalt ein annan stad i søknaden. Som følgje av dette vil utbygginga kunne påverke delar av anadrom strekning, noko vi ikkje la til grunn i fråsegna. I miljøutgreinga er det vurdert at den påverka strekinga har kulpår og vil oppretthalde god vassdekking sjølv ved minstevassføring. Vidare vil restvassføringa vere relativt stor på grunn av at Brekkeelva med avrenning frå området ved Nyksvatnet ikkje inngår i utbyggingsplanane. Vi er samd med vurderinga i miljøutgreinga om at utbygginga kan få ein liten negativ konsekvens for anadrom fisk. For fiskeinteressene vil det difor vere ein føremon om avlaupet vert lagt ovanfor eller rett nedstraums vandringshinderet.

Det kom vidare fram på synfaringa nye planar om å leggje røyrgate i dagen forbi fossen. Terrenget har bratt sidehelling, og det er openbert at det vil vere vanskeleg å grave ned ei røyrgate her. Tiltakshavar meiner røyrgate i dagen vil passe inn saman med kulturminna knytt til den gamle ullvarefabrikken og kvernhusruinen. Fossen har ikkje særleg godt innsyn på avstand, men kan opplevast av dei som går tur og oppsøker denne delen av elva. Røyrgate i dagen meiner vi på generelt grunnlag vil vere ei dårleg løysing for landskap og friluftslivsinteressene, og det vil stille store krav til estetikk og god tilpassing til terrenget.

Når det gjeld den nedgravne røyrгатetraseen vidare oppover, så har vi omtalt i fråsegna at det må takast omsyn til den registrerte grår-eggeskogen med svartorutforming (verdi viktig – B). Vi la til grunn at berre den ytste delen av lokaliteten vert råka. Det ser ut til at denne naturtypelokaliteten kan strekkje seg noko lengre oppover dalsida enn det som er avmerkt på kart i miljøutgreinga. Vi vil streke under at inngrepa i lokaliteten må avgrensast så langt som råd, og at røyrгата i størst mogleg grad må følgje traktorvegen opp dalen.

Tilleggsmerknadene våre etter sluttsynfaringa endrar ikkje hovudkonklusjonen i fråsegna vår, men gjer at det bør takast ytterlegare omsyn dersom Bakkaelva kraftverk får konsesjon.

Øvre Redal kraftverk

På sluttsynfaringa såg vi m.a. på inntaket i Stølselva. Det viste seg at inntaket var vist for langt nede på kartet i søknaden, slik at vassvegen over til hovudinntaket i Leiteelvi var


Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 65 33 02
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 82 17 77

E-post:
fmsfpost@fylkesmannen.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj

planlagt i stigande terreng. Det blei difor diskutert at inntaket må flyttast lenger inn, ein stad mellom 50 og 200 meter oppover Stølselva.

Nærare undersøkingar på kart viser at det går ei eigedomsgrense litt under 50 meter innafør der inntaket i Stølselva er planlagt (mellom toppunkt 589,02 og 627,02, sjå kart under). Eigedomen har gnr/bnr 85/4 og tilhøyrr Britt-Iren Helle og Mads Helle som har adresse Steinavegen 20C, 6800 Førde. Vi kan ikkje sjå at dei er oppførte som delaktige i Øvre Redal kraftverk eller har fått varsel.



Raud strek viser eigedomsgrenser. Frå fylkesatlas.

Vi vil også peike på at dei botaniske undersøkingane, som vart gjort av det vi elles reknar med er solide fagfolk, skjedde for seint på hausten (7. oktober) til at dei kan gje eit tilfredsstillande inntrykk av botaniske verdiar i området. På synfaringa 28. mai fann vi såleis lett identifiserbare artar som kvitveis og engfiol i den same ruta som botanikarane gjekk då dei kartla området utan at dei påviste desse. Dette illustrerer problemet vi tok opp i fråsegna vår om at seine undersøkingar ofte ikkje får fram dei reelle botaniske kvalitetane i eit område. For Øvre Redal kraftverk inneber det at det må takast ytterlegare føre-var omsyn ved vurdering av søknaden.

Konklusjonen i fråsegna vår, der vi rår sterkt frå søknaden om bygging av Øvre Redal kraftverk, står ved lag.

Med helsing

Tom Dybwad
seniorrådgjevar

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

Kopi: Askvoll kommune
Naustdal kommune
Britt-Iren Helle og Mads Helle, Steinavegen 20C, 6800 Førde